



Arkivnr: 2017/2964-6

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg**Samandrag**

Utval for miljø og samferdsel handsama i møte 15.03.17 sak om søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Nyborg.

I fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling, var det sett krav om Euro 6-motor på bussar som skal nyttast. Under førehavinga av saka i møtet 15.03.17, blei spørsmålet om ein bør stille strengare miljøkrav til kommersielle ruter teke opp.

MISA gjorde i møtet 15.03.17 vedtak om å utsetje saka til neste møte.

Det har i ettertid vore stilt spørsmål ved om det er heimel i lova til å stille miljøkrav til kommersielle bussruter. Fylkesrådmannen har henta inn ei juridisk vurdering av problemstillinga som konkluderar med at det i dag ikkje finst slik heimel. Fylkesrådmannen rår difor ikkje lengre til at det vert stilt miljøkrav til kommersielle bussruter.

Fylkesrådmannen si opphavlege vurderinga av ruteløyvesøknaden står ved lag; tilrådinga er at den bør imøtekomast.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Notat frå Advokatfirmaet Thommessen AS - vurdering av adgangen til Hordaland fylkeskommune til å setje miljøvilkår for ruteløyve i samband med konkret søknad frå Turbuss Vest AS

Fylkesrådmannen, 26.04.2017

Bakgrunn

Utval for miljø og samferdsel (MISA) handsama i møte 15.03.17 saknr 38/17 om søknad frå Turbuss Vest AS (TV) om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Nyborg.

Søknaden frå TV gjeld ei gratisbussrute mellom der det på tur til Nyborg berre skal vere avstiging ved Ikea sitt varehus, og på tur frå Nyborg berre påstiging same stad. Denne gratisbussruta har vore i drift i mange år utan krav om ruteløyve.

Fylkesrådmannen viste i sitt saksframlegg til at det er eit mål å auke kollektivtransportandelen av transportarbeidet i Bergen, og fann at å gjere det enklare for dei som besøkjer i Ikea å reise kollektivt kan bidra til å nå dette målet. Fylkesrådmannen er på det reine med at gratisbussen, som vert finansiert av Ikea, tek passasjerar frå dei offentlege rutene. Dette gjeld også liknande gratisbussar andre stader i landet. Fylkesrådmannen fann likevel at gratisbussruta kan bidra til at ein del kundar vel buss framfor privatbil, og at tiltaket då kan ha ein positiv innverknad på miljøet.

I fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling, var det sett krav om Euro 6-motor på bussar som skal nyttast. Under førehavinga av saka i møtet 15.03.17, blei spørsmålet om ein bør stille strengare miljøkrav til kommersielle ruter teke opp.

MISA gjorde i møtet 15.03.17 vedtak om å utsetje saka til neste møte.

Saksopplysningar

Samferdselsavdelinga mottok i epost av 11.04.17 frå Tide Buss AS eit notat der det blei lagt fram merknader til saka. I notatet heiter det mellom anna følgjande:

Dersom lovens alminnelige hjemmel til å stille vilkår (§ 11) hadde hjemlet denne type vilkår ville ikke en lovendring for drosjeløyver vært påkrevd. Det viser etter Turbuss Vest sitt syn at § 11 ikke hjemler slike vilkår og dermed at det for ruteløyver for buss per i dag ikke er hjemmel til å oppstille vilkår som omhandler utslippsteknologi eller lignende.

Administrasjonen fann det tenleg å innhente ei ekstern juridisk vurdering av dette synet, og saka blei difor utsett til dette møtet i MISA 10.05.17.

Den juridiske vurderinga frå Advokat Thomessen, vedlagt, konkluderar med at det berre er høve til å stille vilkår som er knytt til dei einskilde løyva sin funksjon. Miljøkrav har ikkje samanheng med funksjonen ruteløyve er meint å ha, og i saker som den aktuelle er det ikkje lovheimel for å setje miljøkrav.

Vurdering

Fylkesrådmannen tek konklusjonen i den juridiske vurderinga til følgje, og vil i slike saker ikkje foreslå at det vert innstilt miljøkrav til kommersielle bussruter.

Fylkesrådmannen si vurdering av den aktuelle ruteløyvesøknaden står elles ved lag, og fylkesrådmannen rår difor til at søknaden vert imøtekomen.